

Bygland Venstre
Anna Stella Karlsdottir
ask@setesdalsmuseet.no

Vedtak om formell åtvaring for brot på rapporteringsfristen etter partilova: Bygland Venstre

Partilovnemnda er eit uavhengig forvaltningsorgan som kontrollerer at føresegnene i partilova om finansiering av politiske parti og partiledde blir overheldt. Ei av Nemndas oppgåver er å vedta «administrative sanksjoner og inndraging» (partilova § 24 nr. 2 bokstav c). Slike vedtak kan mellom anna treffast når partiet eller partiledde ikkje oppfyller lovas krav innan gjeldande fristar, jf. partilovforskrifta 5. februar 2014 nr. 107 § 6-1 nr. 1.

I oktober 2019 sendte Partilovnemnda varsel om mogleg vedtak om formell åtvaring til alle partiledde som har meldt sine inntekter og kostnader til Statistisk sentralbyrå (SSB), men først etter gjeldande frist.

Varselet til Bygland Venstre ble gitt etter at SSB i sin årlege rapport til Partilovnemnda hadde informert om at partiledde ikkje hadde oppfylt plikta si til å levere økonomirapport for rekneskapsåret 2018 seinast fem månader etter årets slutt, det vil si 1. juni. Frist for skriftleg svar ble satt til 11. november 2019. Varselet gjorde merksam på at høve som skulle tale for at Nemnda ikkje skulle treffe vedtak om formell åtvaring, måtte dokumenterast.

Partileddeets merknader

I e-post av 01.11.19 skriver Jan Kløvstad, kontaktperson for Bygland Venstre i fylkespolitikken/fylkeslaget:

«Gode Daniel Giske, vi skulle sjølvstalt halde fristen. Vi registrerte i partiportalen i vinter, men eg var som tidlegare fylkessekretær ikkje innblanda i rapportering seinare på våren.

Realiteten her er at Bygland Venstre har halde på i mange år, dei siste åra med eit medlemstal på to. Tidleg i år blei det klart (listestillingsfrist 31. mars) at ingen av dei to ville stille vidare, grunna lang fartstid i kommunestyret for den eine aktive og flytting ut av kommunen for den andre. Laget går derfor i dvale. Og så håpar jo eg som tidlegare fylkessekretær at det vil livne til igjen.

Men inntil vidare kan du notere Bygland Venstre som sovande, tungt sovande.»

Nemndas syn på saken

Bygland Venstre har for 2018 ikkje fylgt regelverket for innmelding av inntekter og kostnader etter partilova kapittel 4.

Partilovnemnda har derfor komme til at det bør treffast vedtak om formell åtvaring for sein innlevering av rapportering etter partilova § 18 nr. 2.

Åtvaringa inneber at Bygland Venstre får ei prøvetid på to år frå vedtakstidspunktet, med den følgje at nye brot på partilova eller regelverk fastsatt med heimel i lova som skjer i prøvetida, kan bli sanksjonert

E-post:
post@partilovnemnda.no
Internett:
www.partilovnemnda.no

Kontaktperson:
Daniel Giske
Tlf. 22 24 68 73

Adresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

strengare enn det som elles ville ha vært norma for tilsvarande brot. Her kan det bli aktuelt å avkorte heile eller deler av den statlege partistøtta.

Med heimel i partilova § 28 jf. § 18 nr. 2 treffer Partilovnemnda på denne bakgrunn følgende

vedtak:

Bygland Venstre gis formell åtvaring for brot på rapporteringsfristen i partilova ved innberetninga i 2018. Åtvaringa gjeld i to år med verknad frå vedtakets dato.

Saken ble drøfta på Nemndas møte 29. november 2019 og vedtatt med tilslutning av samlege medlemmer som deltok i møtet, jf. partilovforskrifta § 7-2 nr. 2.

I lys av opplysninga om at partiledet for tida er «tungt sovande» ber nemnda om at partiet vurderer å kontakte Fylkesmannen med sikte på å registrere Bygland Venstre som inaktivt.

**

Partilovnemnda kan sjølv gjere om vedtaka sine dersom grunnlaget for vedtaket viser seg å ha vært utilstrekkelig eller kompetanse til omgjeriing følger av forvaltningsloven § 35 nr. 1 og nr. 5. Elles er søksmål for domstolane einaste muligheit for å få vedtaket overprøvd, jf. partilova § 28 nr. 2.

**

Nemnda minner om partiledets lovpålagte plikt til å oppdatere kontaktinformasjon minst ein gang årleg i Partiportalen (www.partiportalen.no), og til å innlevere årleg økonomirapport innan utløpet av gjeldande frist.

For Partilovnemnda

Eivind Smith
Leder

Daniel Giske
Sekretariatsleder

Kopi til fylkesledd